

# Øy Nytt



## Kvifor jeg er katolikk eller tilhører Øygarden

I dette  
nummeret  
kan du  
m.a. lese:



Kvifor eg vart katolikk..... Side 6



Kvifor eg vart pinsevenn ..... Side 7



Påskeunderet og påskeglede . Side 16



Straumaggregat til Kenya .... Side 9



# Studiepermisjon for Soknepresten



Våren 2007 innvilga Det Regionale Etterutdanningsutvalet i Bjørgvin Bispedøme(BBD) meg Studiepermisjon i 2008.

Då søknaden vart sendt, var det 13 år sidan siste Studiepermisjon, og 24 år sidan den første.

Eg har no vore sokneprest i Øygarden i innpå 6 år.

Eg trur eg har funne eit bra emne, som er henta frå gudstenesteprosjektet i Øygarden Prestegjeld

<http://www.kyrkja.net/euky.htm>

<http://www.kyrkja.net/eukp.htm>

<http://www.kyrkja.net/eukfullst.htm>

<http://www.kyrkja.net/trad.htm>

som sjølvsgatt óg vil få nedslag i artikkelen eg planlegg, med tanke óg på Dnks sin liturgireform som skal ferdigstillast 2010:

"Den Store Lovsongen. Den Heilage Messa-2008"(Arbeidstitel)

Bakgrunnsmaterialet er boka til den store engelske anglikanske presten og augustinarmunken Dom Gregory Dix(1901–1952)"The shape of the liturgy".

[http://en.wikipedia.org/wiki/Gregory\\_Dix](http://en.wikipedia.org/wiki/Gregory_Dix)

Dix' tese er at det alltid har vore 4 element i den klassiske nattverdliturgien:"The Four-Action shape of the Eucharist", dvs. Offertoriet, Eukaristibøna(her vil vi lutheranarar måtte presisere Innsetjingsorda)Brødsbr ytinga og Måltidet.

Utanom nemnde bok har eg dei siste åra fått andre bøker av Dom Gregory som gáve av ein kontakt i USA:

*Jurisdiction in the early church  
The Theology of Confirmation in relation to baptism  
The image and likeness of God  
God's way with man  
The power and wisdom of God  
Jew and Greek*

Eg kjem óg til å nyitta meg av viktige bidrag til liturgisk tenkning som er gjeve ut dei seinaste ára, av sokneprest Øystein Thelle, kyrkjelydsprest Stein Barlaup, og kateket Reidun Jofrid Kleppestrand.

Eg har lenge tenkt at eg kunne tenkja meg å auke min generelle, særleg liturgiske kompetanse ved hjelp av dette materialet ved ein studiepermisjon. Eg vonar óg om å få kvile og få vere meir i bøn enn det den utfordrande "førstelinetenesta" gjev høve til. No er tida kommen, idet Prosten har fastsett permisjonen til mandag 4.februar-søndag 13.april 2008.

Prosten har samstundes sett sokneprest em.Otto Høvik til vikar. Vi trur Otto Høvik vil høve godt i Øygarden Prestegjeld. Han er alt godt kjend mellom oss som ein av fleire på vikarlista og er sett stor pris på av mange, ikkje minst gjennom si sentrale forkynning. Otto Høvik er tidlegare m.a. sokneprest i Borgund, og lands- og Generalsekretær i Den Norske Israelsmisjon. Han har óg vore prest ved Immanuelskyrkja i Tel Aviv. Saman med kona Annlaug bur han på Straume i Fjell kommune.

Lat oss be for Otto Høvik si teneste mellom oss!

Så sjåast vi om ikkje altfor lenge!  
Eg gler meg til å møta dykk att!

[sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)

## Frist for stoff til ØyNytt i 2008:

Nr 2: 7. april,  
Nr 3: 23. mai  
Nr 4: 12. august,

Nr 5: 14. oktober,  
Nr 6: 24. november



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen  
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen  
kr 100,-  
Takkeannonser: 3628 07 02557  
Kontonn.: Grafisk Team AS  
Layout/trykk: Hurtiglevering, Tjeldstø  
Distribusjon i Øygarden: tlf. 98 66 53 29

### Kyrjkekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenestesenteret, Rong  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 56 38 22 40  
Faks: 56 38 22 41  
Vakttelefon: 56 38 22 44  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)

### Internetsider:

[kyrkja.net](http://kyrkja.net) måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær Kari Sandøy Rong  
e-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog Turid Toft Amenza  
e-post: [kyrkjelydspedagog@kyrkja.net](mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 47

Kantor Anne Lise Grøm  
e-post: [kantor@kyrkja.net](mailto:kantor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest Svenn Martinsen  
e-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje Odd N. Thormodsæter  
e-post: [kyrkjeverje@kyrkja.net](mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 43

### Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje tlf. 56 38 70 22  
e-post: [blomvag.kyrkje@kyrkja.net](mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/  
Kyrkjegardsarb.  
Mobil: 911 05 197  
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje tlf 56 38 80 30  
e-post: [hjelme.kyrkje@kyrkja.net](mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/  
Kyrkjegardsarb.  
Mobil 958 23 472

### Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong  
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dåvøy  
Øygarden kyrkelege fellesråd: Leiar: Gustav Landro

### Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

*Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.*

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

# Godt nyttår til dere alle!

Jeg takker for utfordringen og synes at det er veldig kjekt å få dele min salme med dere.

Vi har jo mange kjente og kjære salmer, som på hver sin måte er med å bringe styrke, glede tro og trøst.

Den salmen som ligger mitt hjerte nærmest er: Navnet Jesus. Jeg kjenner det er godt å sygne denne sangen fordi den gir meg håp og oppmuntring! Særlig i denne tid, hvor vi kjemper for å få beholde våre kristne grunnverdier i samfunnet. Vi opplever at sanger, historier og bordbønn som inneholder det kristne budskap, ikke lenger skal formidles i skoler og i barnehager. Jeg kjenner at dette gjør meg trist. Hvorfor skal vi ikke kunne få dele med barn og unge det Jesus har gjort for oss, og hvor dyrebare vi alle er i hans øyner! Det er da i disse stunder

*“Navnet Jesus blekner aldri,  
tærer ei av tidenes tann.*

*Navnet Jesus, det er evig,  
ingen det utslette kan.*

*Det har bud til unge, gamle,  
skyter stadig friske skudd.*

*Det har evnen til å samle  
alle sjeler inn til Gud.*

*Omkved:*

*Navnet Jesus må jeg elske,  
det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
intet annet frelse kan.*

*Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,  
la det runge over jord!*

*Intet annet verden bringer  
håp og trøst som dette ord.  
For det navn må hatet víke,  
for det navn må ondskap fly.  
Ved det navn skal rettferds rike  
skyte friske skudd på ny.*

*Omkved*

*Mídt i nattens mørke blinker  
som et fyrlys Jesu navn,  
og hver hjelpløs seiler vinker  
inn til frelsens trygge havn.  
Og når solen mer ei skinner,  
Jesu navn, det lyser enn.  
Da den frelste skare synger  
høyt dets pris i himmelen!*

*Omkved*



av motløshet, denne salmen kommer til meg som en frisk vind og setninga.

”Navnet Jesus, det er evig, ingen det utslette kan.” Gir meg på ny glede og visshet om at Jesus og Jesu navnet ikke kan slettes, selv om det er noen som prøver på det! Jeg håper at dere leser gjennom salmen, og at den kan bli til velsignelse og oppmuntring for dere også. Hilser alle med noen ord i fra salmen. ”Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann, Ved det navnet fant jeg frelse. Intet annet frelse kan!”

Hjertelig hilsen Maria Andrea Pahr.

*Utfordrer Reidar Vik til å skrive min salme neste gang.*

## G A M L E   B I L E T E   F R Å   Ø Y G A R D E N

### Nokre av medlemmane frå Hellesøy søndagsskule ca 1976

Framme: Bjørnar Svellingen, Synnøve Sandøy, Merete Hellesøy

Midten: Geir-Inge Svellingen, Kari Sandøy, Rune Knappen, Rolf Knappen, Nina Odland

Bak: søndagsskuleleiar Ruth Sandøy, Henning Sandøy, Torild Knappen.

(Bilete ØyNytt-arkiv.)



# NYTT FRÅ RÅDA

Av Odd N. Thormodsæter

## Kyrkjene

Hausten 2007 gjorde Fellesrådet vedtak om å skifta ut dei gamle putene i benkane i Hjelme kyrkje med nye i ullstoff. Dette er no gjennomført og sittekomforten er med dette heva mange hakk.

Det nye kjøkenet i Hjelme kyrkje er no på plass. Etter nokre justeringar som brukarane har påpeikt, skulle kjøkenet no fungera optimalt. Det er Risøy Bygg AS som har levert utstyret og utført arbeidet.



Ingebjørg Sæle klipper snora ved markeringa av at det nye kjøkenet i Hjelme kyrkje er teken i bruk!

Blomvåg kyrkje har fått pussa opp dametoalettet. Heile rommet er no flislagt og det er sett i ny ytterdør. Arbeidet var ferdig til advent 2007 og vart gjennomført av Senter Bygg AS

## Heving av dei to siste felta på Hjelme kyrkjegard



Kyrkjegarden i Hjelme har i alle år gjeve kyrkjegardsarbeidarane utfordringar når det gjeld graving av graver. Botntilhøva består av svært mykke morenestein som ofte er vanskeleg å fjerna. Då vi tok i bruk felt H i 2005, vona vi at dette skulle betra seg. Men det har synt seg at tilhøva her er minst like vankelege.

Utførte djupnemålingar syner at det aktuelle området (dei to siste gjenverande felta) ikkje tilfredsstiller dei krava vi må arbeida etter.

Øygarden kyrjelege fellesråd søkte difor sist haust kommunen om ekstramidlar til heving av dei to siste felta på Hjelme kyrkjegard. Dei nødvendige midlane er i 2008 stilt til rådvelde for dette arbeidet.

Planen er å heva begge felta med om lag ein halv meter. For å få dette til må gravminna fjernast for ein kort periode medan arbeidet pågår, slik at heile felt H får same høgda. Det vil bli føreteke ein nøyaktig GPS-måling av kvar stein på førehand, slik at steinane kan setjast tilbake på rett plass etter hevinga.

I samtale med entreprenør Erstad & Lekven har vi laga ein detaljplan for gjennomføringa. Området som er teke i bruk til graver, vil bli prioritert slik at sjølve hevinga her vil vera unnagjort på tre – fire dagar. Steinane vil bli flytta av fagfolk og sett tilbake så snart det let seg gjera. Eventuelle blomar i plantefeltet framfor det enkelte gravminne må ansvarleg festar ta vare på sjølv.

Når arbeidet startar opp ein gong etter påske, vil det bli arbeidd kontinuerleg til alt er ferdigstilt.

Alle kostnader med flytting/tilbakeføring av gravminne vil bli belasta Fellesrådet.

(Denne orienteringa er også gjeve i eige skriv til dei som står ansvarlege for graver på felt H.)



Dok & Media® Vestbok  
Vetrådsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)

# Kremfresh

På bystasjonen i Bergen, tvers for informasjonskontoret, finn vi Torhild Næss, innehavar av Kremfresh-butikken. Torhild har bustad på Torsvik i Øygarden der ho starta verksemda si heime på kjøkenet for 5 år sidan.

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter

Mange har lagt merke til den gode såpelukta som somme gonger breier seg på Rong senter. Torhild har nemleg "minifabrikken" sin plassert rett under banken der ho lagar såpe av reine naturprodukt.

I butikken på bystasjonen får vi presentert ei mengde kosmetikkprodukt, frå fotsalt til ansiktskremar, alt produsert av Torhild Næss. 20% av heile produksjonen er relatert til den gode luktsåpa. Det som er spesielt med desse produkta er at det ikkje er tilsett konserveringsstoff. Ein ansiktskrem vert difor selt som frozen vare og må takast i bruk i små porsjonar.



Torhild innrømmer at skal ein overleva i dette marknaden må det beinhard jobbing til. Øygarden vert for liten til å laga utsalg av så pass avgrensa vareutval. Det er difor heilt nødvendig å henvenda seg til eit større publikum, som her på Bergen Storsenter. Men kanskje blir det ein liten filial i Øygarden også på sikt?



## Situasjonen i Kenya

Kjære øybuarar...

Vonar at jula og nyårshelga var god for dykk alle. Her i Kenya starta det nye året på ein heilt annan måte enn folk flest rekna med.

Valet som skulle avviklast, trudde me skulle gå fredeleg og roleg føre seg, og det gjorde det og. Spenninga og forventninga til resultatet var stor. Dagane gjekk.

Presidenten vart erklært vinnar og teken i eid, ....og så smalt det!

Det vart opptøyar rundt omkring. Mange vart jage ut ur husa sine, slossing, drap og fortviling.

Utanom alle heimane og butikkane som er brende er det og ein del kyrkjer som er gått opp i flamar. Ei av desse er den lutherske kyrkja i Kibera slummen.

Pastoren og nokre av medlemene i kyrkja var saman med oss på ei gudsteneste her på tomta. Det var sterkt. Personlege vitnemål frå menneske som hadde mist alt, men som likevel stola på at deira himmelske Far har omsorg for dei. Gud er deira trygge vern som dei kan gråta ut hjå når kvardagen riv og slit.

Må seia at det har vore tøft å vera her desse vekene. Å vera vitne til desse tragediane riv i hjarto våre. Vi er glade vi kan hjelpe litt, vi har både klede og pengar å dele.

Sjølve har me hatt det trygt her på området. Ei stund var det utegitt å køyra og handla, - men tilhøva har roa seg veldig.

Me takkar for livet, for huset her, for maten, for klede, for vaskemiddel, for dynene våre.....

"Hva gjør det så om her på jord i hytte eller slott jeg bor... er dagen skyfull eller klar, - hvor Jesus er – jeg Himlen har!!"

Nairobi  
10.02.08.

Kjersti og Andreas Kårbo

Desse restane av ein Bibel vart funnen i ruinane av den nedbrennende kyrkja i Kibera slummen i Nairobi.  
Foto: O.J.Kiplesund

# KVIFOR EG VART KATOLIKK

**Kvifor er vart katolikk? På sett og vis er svaret løynt i Guds tanke, han som eg er overtydd om har "ein plan med ditt liv", med mitt liv.**

**Men slik eg sjølv skjørnar det, er svaret rett og slett: Fordi eg trur at det er den katolske kyrkja som er den opphavlege, med samanheng tilbake til Kristus og apostlane.**

Av pater Arnfinn Haram

Overgangen til den katolske kyrkja, var ikkje noko som kom brått og uventa for meg (og kanskje heller ikkje for andre..). Frå eg i studietida tok til å orientere meg aktivt teologisk og kyrkjeleg, var det ei katolsk orientering i trua mi. Kyrkja er ein ordna fellesskap over heile verda, gjennom alle tider, ho har motteke dei heilage skriftene, Bibelen, som er Guds Ord, ho vedkjerner ei tydeleg tru på Den treeinige Gud, på Jesus Kristus, Gud og menneske, Frelsar og Herre; ho har også ei tydeleg etisk og moralsk undervising, ho har ordna embete og eit mangfald av nådegåver, ho har ein liturgi med røter heilt tilbake i den gamle pakta og i jødedomen, ho har ulike kall og livsformer som har vore der heile vegen; både ekteskapet som ho aktar som eit heilag sakrament og kallet til å leve ugift for Herren, i friviljug fatigdom og lydnad (som i klosterlivet) – etter Jesu eigne føredøme.

Kort sagt: Den katolske kyrkja står for heilskapen i den kristne trua; 'katolsk' (gresk: kata holon) tyder eigentleg det som er "i samsvar med heilskapen"; heile Guds råd, heile verda, heile historia, heile røyndomen. Eg synest eg stadig oftare ser at delar av heilskapen i trua fell bort i mange trussamfunn, både moralsk og læremessig. På ein måte vart eg katolikk nettopp for å kunne ta vare på det eg hadde motteke i den norske

kyrkja og den lutherske tradisjonen! For meg eg Kyrkja ikkje berre ein menneskeleg organiasjon, eit statsvesen – eller berre noko vagt og "usynleg". Ho er Kristi lekam, Guds tempel og Guds husfolk. Ho er ikkje "norsk", men universell, ho rekk heilt inn i æva med kjerubar og serafar, med englar og heilage; profetar, apostlar og evangelistar, martyrar og vedkjennarar. Ho er eit heilagt samfunn.

Det er gjennom kyrkja vi får del i den kristne trua og det er der vi skal ha basisen for det kristne livet. Reint privat- og individualistisk kristendom er ikkje bibelsk – og overlever heller ikkje presset frå eit avkristna samfunn, trur eg.

Det er Jesus Kristus som er kyrkja sitt "innhald", heile hennar liv. I Den stille vika og Påska, innleidd og førebudd gjennom fastetida, feirar kyrkja Hans død og oppstode, hans store offer for oss og for alle. Denne høgtida er høgdepunktet i kyrkja sitt liv og i den einskilde katolske kristne sitt liv. Det er sjølvsagt for ein truande og praktiserande katolsk kristen å ta aktivt del i påskefeiringa. Palmesundag togar vi inn i kyrkja i palmeprosesjonen, men evangeliteksten er Lidingsssoga (pasjonen) i fylge Matteus. Skjertorsdag er det messe om kvelden til minne om den første Nattverden. Då vaskar den forrettande presten føtene åt nokre av dei truande. Nåden og diakonien høyrer saman. Både nattverdbrødet og dine brør og systre er Kristi lekam...

Langfredag om ettermiddagen er det lidingsssoga etter Johannes som er evangelieteckst. Gripande er krosshyllinga der alle som er i kyrkja, kjem fram og knelande kysser foten av krossen medan vi syng: "Kross du sæle/ deg me helsar/ edlaste av alle tre..!" Mange tårer,




av anger og av kjærleik, har eg sett der – og mest hjå dei som ofte ikkje vert rekna for noko.

Påskanatt feirar vi den viktigaste gudstenesta i året, påskevaka, midt på natt, med røter i oldkyrkja, med påskeljoset, med dei lange lesingane frå frelsessoga, med dåp eller dåpsplaktfornying (i fjor døypte eg ei ung norsk kvinne og ein afrikansk ungdom) og sjølsagt med nattverdfeiring, for: "Vårt påskelam er slakta.." Påskedagen er det høgmesse, lovsong og nattverdfeiring – og påska varer eigentleg heile vika etter Påske.

Midt i denne store rikdomen ser eg også tida i Øygarden; folket, kyrkjene, bedehusa, lystheiane, skjergarden, havet...og eg kjänner ei stor takk i hjarta! For meg er alt ein del av den store heilskapen, ja nettopp: av det katolske. Av livet mitt. Og alt er nåde!

(*Pater Arnfinn Haram, tilhøyrer St Dominikus kloster i Oslo; Dominikanordenen, eigentleg: "Preikebrørne sin Orden", skipa i 1217 for bøn, studiar og forkynnning – "for verda si frelse"*)

## ØyNytt-rosa



Medlemmer i Hellesøy musikklag vil gjerne få gi gi ØyNytt-rosa denne gongen til **Thorleif Hellesøy**. Det er han som har vore pådrivaren for å halde musikklaget saman og vore den store drivkrafta heilt frå starten i 1976 og fram til i dag. Takk for trufast teneste!

Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong sentr  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

# KVIFOR EG VART PINSEVENN

Det er vanskeleg å gjeva eit kort og ein tydig svar på eit slikt spørsmål, på grunn av at det var fleire faktorar som verka fram ei slik avgjerd hos meg. Eg vil likevel prøva å gjeva eit så tydeleg og dekkande svar som mogeleg.

Av Kartein Pahr

I 1980 vart eg omvendt i ein evangelisk møteaksjon i regi av Indremisjonen. Møta var i Blomvåg kyrkje og fleire vart omvendt under desse møta. God evangelisk forkynnelse satte sterkt preg på tilhøyrarane, og både i 1980 så vel som i 1979 var det vekkingar i Øygarden.

For øvrig har eg vakse opp i ein god kristen heim, noko som la eit åndelege grunnlag i meg alt frå tidleg barndom. Med åndelege "røtter" i Indremisjonen, vart det slik at eg dei første åra av mitt kristenliv, hadde min åndelege heim i desse samanhengar.

Etter kvart som tida gjekk, ved å lytta til forkynning, og gjennom eige bibellesing, fekk eg forståing av at dåp med full neddykking vart praktisert i nytestamentleg menighetsliv. Ordet seier at den som trur og vert døypt skal verta frelst, og i Skriften er det tydeleg at dåpen kom etter frelsesopplevinga. Dessutan hadde nådegåvene sin naturlege plass hos dei fyrste kristne. Litt etter litt kjente eg ein lengsel etter desse sanningar, samstundes som eg fekk vene innanfor pinserørsla. Dette førte naturleg med seg at eg byrja å vanka i pinsesamanhengar og fekk del i god solid forkynning som har prega meg til dags dato. Den frie og ledige møteforma som eg fann hos pinsevenene var noko som eg etter kvart sette meir og meir pris på.

I 1983 følte eg sterkt behov for å ta konsekvensane av mi overtyding og i september månad samme året lot eg meg døypa med full neddykking i Pinsemenigheten Tabernaklet i Bergen. Med busetnad i Øygarden var det naturleg for meg å ha min åndelege heim i Pinsekirkelyden Sion som fram til no har vore ein utpost av Tabernaklet, Bergen.

I dag er Menigheten Sion ein sjølvstendig pinsekirkelyd.

Etter at eg hadde teke dåp med full neddykking (troendes dåp), vart det naturleg for meg å melda meg inn i pinsemenigheten samstundes som eg meldte meg ut av Kyrkja. Mi overtyding og trang etter å få del i meir av denne forkynninga vart berre sterkare og sterkare. Bibelen vart på ein måte "ny" for meg. Jamvel om eg tidlegare hadde vore med på mange gode og oppbyggjande evangeliske møter i Luthersk samanheng, merka eg at mine nyvekte åndelege behov ikkje vart stetta her. Det vart på ein måte "for trangt". Det tyder på ingen måte at eg ikkje kan gå på slike møter frå tid til annan både i kyrkjer og bedehus. Innanfor desse samanhengar har eg fortsatt mange vene, og



dette er relasjonar som eg fortsatt ynskjer å vedlikehalde. I desse fråfallstider er det viktig å stå saman mot alle nedbrytande krefter i samfunnet vårt. Dette kan vi best gjera på Ordets grunn. Difor er det naudsynt å sjå heilskapen i all evangelisk verksemrd. Vår felles tru og vårt felles mål skulle bidra til meir samhald, uavhengig av lærermessig ståstad.

## Evaluering av kyrkjeblad

Nettadressen [www.kirkenorge.no](http://www.kirkenorge.no). har evaluert kyrkjeblad for heile Norge. Her følgjer ein faksimile som viser at ØyNytt får ein uformell 2.plass, etter menighetsbladet for Nordstrand!

Menighetsblad for Øygarden

Adresse: Postboks 144, 5331 Rong


Antall sider: 16 (A4 - farger)

Layout: meget bra

Vurdering: Kun litt på layout/ presentasjon hindret bladet i å nå helt til topps blant norges menighetsblad, men bare Nordstrand er etter vår vurdering bedre. Bladet har meget god informasjon på alle måter, og beskriver livet i menigheten på en god måte. Bladet har mange spennende reportasjer/ saker for en bred leserkrets.

Mange bilder og god bruk av farge gjør sidene lettleste. Bladet mangler kun noe på layoutsiden og noe for barn og ungdom.

Terningkast: 6/5 - Vi vurderte nr. 6 /07.



5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post:[hellesoy@ngbutikk.net](mailto:hellesoy@ngbutikk.net)

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD.. 900-1700  
FRED.....900-1900  
LØRD.....900-1500

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMER.

I dette nummeret kan du m.a. lese:  
Nytt fra Mali og Kenya ....side 4 og 5  
Yngres på Vik.....side 7  
Jinka-prosjektet i Etiopia.....side 8 og 9  
Biskopen si julheising .....side 16

# "Vi vil bygge hele vårt liv på Ham"

*Tidligere var det konkurranse mellom kirkesamfunnene om sjelene. I tradisjon og teologi var det en kløft mellom oss. Men nå skriver vi sammen et felles trosmfest der Jesus står i sentrum. Dette etter eksempel fra det svenske trosmfestet 2003. (Lokalt har vi også markert den økumeniske bønneuken 2008 sammen.)*

*Mellan oss har vi en historie med gjensidig mistro. Men da den karismatiske fornyelsen kom for ca. 30 år siden ble det kontakt mellom kristne i forskjellige leirer. Vi oppdaget at vi har felles troen på at Bibelen taler sant om lære og liv, at vi deler samme tro på Jesus og har samme grunnholdning i viktige etiske spørsmål.*

*Vi gleder oss over dette og ser på den enheten vi opplever som en gave fra Den Hellige Ånd, men også som en utfordring. For vi ønsker å dele vår felles tro med alle dem - og de er mange i vårt land - som aldri har forstått at Gud i Jesus Kristus har åpenbart sin sannhet, tatt i mot Ham som sin Frelser og Herre, og opplevd Ham som sin venn. Det finnes noe som er sant i vår verden av subjektive oppfatninger og tanker! Jesus selv sier at Han er "Veien, Sannheten og Livet". (Joh 14:6).*

*Dessverre finnes det kristne som har mistet forståelsen for at Bibelen og den kristne tro gjør krav på sannheten. Dette sørger vi over. Dette er foranledningen til at vi skriver dette trosmfestet.*

Livets mening er å tro på Jesus. Nokså kortfattet vil vi nå forsøke å beskrive det vi ser som unikt og umistelig i den kristne tro og understreke vår respekt og ærbodighet for Bibelens budskap. For oss ligger livets mening i å tro på Jesus Kristus, som er Faderens enbårne Sønn fra evighet, men som er født inn i tiden og historien av en jomfru. Når oldkirken i den apostoliske trosbekjennelsen sammenfattet sitt budskap om Herren, var den helt overbevist om at Han i helt spesiell mening var **"Jesus Kristus, Guds enbårne Sønn, vår Herre, som ble unnfant ved Den Hellige Ånd, født av jomfru Maria, ..."**

Vi stoler helt og fullt på at det som det Nye Testamentet beretter om Ham, og at det den hellige allmenne Kirken har sammenfattet i de oldkirkelige

bekjennelsene virkelig er sant. De nytestamentlige vitnene forholder seg til historiske hendelser, ikke myter. Mens det som vi kan kalle for New Age tidligere som nå bruker poesi, myte og legende for å beskrive sin oppfattelse av virkeligheten. De første kristne trodde fullt og fast at det som evangelistene skrev om Jesus virkelig hadde skjedd. Det gjør også vi.

Både det Gamle og Nye Testamente taler om det bare er én Gud, hvis innerste vesen overgår absolutt alt som vi kan forstå. Men denne Gud gjør seg kjent gjennom synlige og konkrete hendelser i historien. Han åpenbarer seg som en kjærlig Gud, som vil alle menneskers beste. Han griper inn i naturens og tidens gang gjennom under, tegn og kraftgjerninger. I den gamle pakt leder han sitt folk Israel ut av slaveriet i Egypt, gjennom ørkenen og inn i løftets land. Underne rommer en symbolikk og et dypere budskap - de er jo tegn på Guds barmhjertighet overfor sitt folk - men dersom vi ikke regner med at de har skjedd taper vi budskapet.

Vi tror på en Gud som griper inn i verden og gjør historien til frelseshistorie. Midt i det vanlige liv vi lever trer Gud inn for å helbrede og redde oss svake og sårbare mennesker.

Når evangeliene beretter om Jesu under og tegn stoler vi på at de virkelig har skjedd. De hjelper oss å stole på den Frelseren som helbreder syke og vekker opp døde, på den Gode Hyrde som gjør syndere hele og tilgir dem som forråder Ham. Når Jesus går på vannet, stiller stormen, gjør vann til vin – og forvandler vin til sitt blod og brød til sitt legeme (jfr Joh 5:48-58, Luk 22:19-20) - blir budskapet til noe som vibrerer av liv og får oss til å ha vår trøst i Ham.

**Et revolusjonerende gledesbudskap.** Om alt dette er et poetisk eller mytisk budskap, da forblir det poesi og myte. Om det virkelig har skjedd, blir det et

revolusjonerende gledesbudskap. At Jesus virkelig, slik som mange vitner er enige om, har stått opp fra de døde, gir det oss basisen for å tro at vi selv skal bli frelst. Hvor viktig sannhetsspørsmålet var for apostlene i denne sammenhengen blir ekstra tydelig når Paulus etter å ha henvist til de mange vitnene og polemisert mot dem som sier det ikke finnes noen oppstandelse fra de døde sier: **"Men hvis Kristus ikke er stått opp, da er deres tro uten mening, og dere er fremdeles i deres synder. Da er også de fortapt som har sovet inn i Kristus. Hvis vårt håp til Kristus bare gjelder for dette livet, er vi de yngeligste av alle mennesker. "** (1 Kor 15:17-19). Troen på at Gud er blitt menneske i Jesus Kristus - **"Og Ordet ble menneske!"** (Joh.1,14) – og på hans legemes oppstandelse - **"Herren er sannelig oppstått!"** (Luk.24,34) – er grunnvollen for vår tro.

Alla mennesker av god vilje kan nok komme fram til en slags gudstro gjennom å lese naturens bok og reflektere over vår menneskelige eksistens. Og de andre religioner kan nok romme skatter av visdom. Men den fulle sannheten og Gudsåpenbaringen finnes bare i Jesus Kristus, vår Herre. Bibelens budskap om Jesus Kristus som verdens – og hvert menneskes - Frelser er troverdig. Og den taler sant om livet med Herren.

Derfor er det med stor ydmykhet og frimodighet at vi vil vitne om at hvert enkelt menneske gjennom troen og dåpen kan lære å kjenne Jesus som sin Frelser. Han ikke bare var, men Han ER og forblir, den eneste Veien til fellesskap med Gud. **"Gjennom Ham har både vi og dere adgang til Far i én Ånd."** (Ef.2,18)

Vi vil bygge hele vårt liv på Ham!

Svenn Martinsen, sokneprest i Øygarden Prestegjeld  
Karstein Pahr, forstandar i Pinsemenigheten Sion, Øygarden.

# Generator fra Øygarden til Kenya



## TAKKEBREV TIL GIVERNE I FORBINDELSE MED GENERATOREN FOR CHESTA GIRLS SEC. SCHOOL

I forbindelse med at Chesta girls sec. School fikk en god generator fra Øygarden kommune vil vi bruke anledningen til å takke våre givere. Med givere mener vi Øygarden kommune og de som har vært med å sponse frakten ut til Kenya. Vi er veldig takknemlig for det som har blitt gjort for at jentene ved skolen skal få godt lys om kvelden til sine studier.

Vår tidligere ambassadør Dalen la ned grunnsteinen for denne flotte skolen. Da vår nye Ambassadør Elisabeth Jakobsen kom til Kenya tok hun kontakt med sin forgjenger og spurte hva som gjorde mest inntrykk de åra han var her ute. Da nevnte han turen til Pokot og Chesta som det mest betydningsfulle. Da Ambassadør Elisabeth Jakobsen ble i januar 07 spurt om å åpne skolen. Da svarte hun med en gang ja og den ble offisielt åpnet 23. mars 07.

Chesta Girls sec. School (C.G.S.S.) ble påbegynt i 2003 og den er 100 % Norad finansiert.

Skolen er unik i Pokot distrikt. Dette er en videregående jenteskole med internat. Jentene i Pokot har vært undertrykt i all sin tid. De har fått lite skolegang. Det er som regel guttene som har blitt prioritert i forbindelse med skolegang. Det nye med denne skolen er at jenter har blitt prioritert og får nå skolegang. Dere givere skulle vært her og møtt de når vi trer inn i klasserommene. Da starter de å synge til en blir helt rørt. De nærmest stråler og er utrolig stolt av skolen og at de selv får skolegang.

Igjen mange takk for gaven dere gav til jentene i Pokot distrikt. Hvis noen av dere får anledning til en Kenya tur, da er dere hjertelig velkommen til Pokot og jenteskolen i Chesta.

På vegne av skolen og prosjektet  
Morten Nord-Varhaug

Prosjekt konsulent.



Skulebygget i Chesta

Straumgenerator fra Øygarden er på plass i Chesta i vest Kenya. Ca 50 mil fra Nairobi. Den gir straum til skule, i eit område der det er stort behov for opplæring. Mørket fell på kl.5 om etter middagen, – så no kan dei få gjera lekser litt utover kvelden. Skule bygget er betalt av Norad.

Enkeltpersonar og ein del bedrifter i Øygarden har betalt båt frakt på **kr 45.000,-** Frå Øygarden via Stavanger omlasting i Rotterdam til containerskip. Til Mombasa hamnebyen i Kenya. Vidare med bil ca 100 mil til Pokot område.



## 1-2. klasse leiren

Lørdag 12. januar var det leir på Skjergardsheimen. Denne dagen var det 1-2 klassingane som samlast til ein spennandes leirdag, i lag med ein gjeng leiarar og nokre foreldre. Dagen byrja med ei lita bibelsamling der me fekk høyra om Elias og Akab som hadde konkuranser om kva Gud som var den sanne Gud. Elias var den som fekk fyr på bålet sitt og dermed viste Gud at han var den sanne Gud.

Vidare gjekk dagen med til bli kjent leikar, tegning, kiosk, sporløp osv. På kvelden kom mange foreldre og var med på siste samlinga. Der hørte vi om den bamgjertige samaritanen som hjalp ein mann som var blitt overfaldt.

Håpar at alle hadde ein fin leir, og at de vil komme igjen neste gong.

Leirsjef Rune

### Leir i Sætervika

6 kl – 9 kl      14. – 18. mars  
10 kl +            19. – 24. mars

Påmelding : NLM krinskontor 55 90 48 00

### Leir på Raknestunet

Ten-leir            14. – 17. mars  
Familieleir        19. – 22. mars  
Påmelding : kontoret til Nhl 56 17 70 25



## Hei alle de som går på Øygarden ungdomsskule




Veit du at det er noko som heiter ”skulelaget”? Og at det er andakt på skulen kvar onsdag?

Norges kristelige student og skuleungdomslag har ein avdeling på Øygarden ungdomsskule. Det er nokre ungdommar frå 8, 9 og 10 klasse som utgjer eit styre. Dette styret gjev deg som er elev på ØU eit tilbod kvar onsdag i matpausen, då kan du nemleg få med deg ein kort andakt, ein ettertanke inn i kvardagen. Det er da anten ein frå teamet som har den eller ein annan som kjem på besøk. Kvar onsdag samlast ein gjeng på formingssalen, det er plass til fleire.

Den som har fått tak i noko godt vil gjerne at andre skal få smake det samme! Det er de skulelaget gjer.  
Velkommen innom på andakt på onsdag kl 11.05

# Glimt frå konfirmantleiren 8.-10. februar i Sætervika



Jubelkoret øver annankvar torsdag  
kl. 16.45 - 18.00 på Vik bedehus.

Frå 4. klasse og oppover. Neste øving 28. februar.

# Kjøp kjapt, trygt og billig

# KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørddager til kl. 20.00.

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer bryllup,  
konfirmasjoner og andre  
tilstelninger.

anledninger.

Middag, koldtbord og salter.

**Tlf. 5638 9380**

**BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP**

Teatergt. 20, 5010 Bergen  
**Tlf. 55 21 44 50**  
 Mobil 917 51 700  
 • DOGNAKTT  
 • PARKERING  
 • BLOMSTER  
 • MONUMENTER  
Vi tilbyr alt det praktiske eller tilstrekkelige  
 for glemmende som ønsker å gjøre noe nyt.




**Åsane Begravelsesbyrå AS**  
 v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
 Døgnvakt tlf.: 5518 9000

**Solstrands Begravelsesbyrå**



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

## Det er vi som bygger Øygarden



**Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09**

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer  
 Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på  
 tlf: 56 38 91 91 / 951 12 634

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
 Se om katalog og pris.  
 Skrifthugging og oppussing utføres.



**Bjørn Solheimslid**  
 5336 TJELDSTØ  
 Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

**Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ**  
- En del av Kolås Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.  
 Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**  
 Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



# "Kristenfobi" i det kristne Norge

BBC kan fortelle at det britiske parlamentet har satt spørsmålet om "kristenfobi" på dagsordenen. Dette spørsmålet bør også tas opp i vårt land. Vi har en beklemmende følelse av at den kristne tro blir definert som et problem i et samfunn som bygger på et kristent verdifundament.

Nå kan en enkelt forelder rope alarm og stoppe kristne undervisningsopplegg som "Vandring gjennom Bibelen" på en skole. Det samme kan en gjøre med en tradisjonsrik juleforestilling i Drammen. Oslo Rådhus stenges for gudstjenester. Den rødgrenne regjeringen stryker kristennavnet ut av religionsfaget og ordet kristen skal snart raderes ut av skolens formålsparagraf.

Det er ikke stort bedre i mediene. De som vil bygge livet sitt på Bibelen i samlivsspørsmål blir marginalisert og definert utenfor toleransens område. Du skal ikke tale for frimodig om din tro før f-ordet kommer fram.

Geir Magnus Nyborg -  
gmn@fom.no  
Generalsekretær i  
Familie & Medier  
- Kristent medieforum



Denne gangen står det for fundamentalist.

Hva er galt i kristne Norge? Er det blitt slik at for å inkludere andre må en bryte med sitt eget? Det er en fundamental misforståelse at en inkluderer andre kulturer og religioner bedre ved å stryke navnet kristen ut av vår egen hverdag. Våre nye landsmenn er de siste som både vil forlange og forstå en slik handlemåte.

Den kristne kultur er en skatt. Vi må aldri glemme at det var kristendommen som forvandlet Norge. Vi må ikke sette den forvandlingen i spill. Vi må ikke la ordet "kristenfobi" bli mer enn et forbigående produkt av en aggressiv og misforstått sekularisme. Politikere, medier og alle andre må våkne. Nå.

Konsert 2. mars kl. 19.00 i Blomvåg:

## Varme tonar for sjela

Linda Fosse, Kurt Hatten og Frode Skag Storheim ynskjer deg hjarteleg velkommen til ein lun konsert med ulike musikalske møter. Repertoaret vil veksla frå norske songar, kjende balladar og sjølvsagt står Jim Reeves også på lista. Bill. kr 150,-/75,-.

Korrekt har du det...

## EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

## Påskesalme

av Jakob Sande

*Du som låg i natti seine  
sorgtyngd, vanvord og åleine,  
skjelvande på såre kne,  
du som skåli trufast tømde  
medan alle dine rømde,  
stridsmann frå Getsemane!*

*Du som spotta vart og banna,  
kront med klungerkrans om panna,  
medan augo brann i sorg,  
du som stod i namnlaus pine,  
skild frå dei du kalla dine,  
einsam i Pilati borg!*

*Du som hekk til krossen nagla,  
medan blodut sveitte hagla  
frå di panne då du sa:  
Fader, kvifor gjekk du frå meg!  
Å, lat nådens blodstraum nå meg,  
offerlam frå Golgata!*

*Lær mi sjel kor du laut lida,  
syn meg såret ditt i sida,  
styrk og nør mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
så eg frelst mitt auga vender  
opp til deg på krossen, du.*

## Interessert i Gjenbruk? Vi har varene!

Det Norske Misjonsselskap har Gjenbruksbutikk i Hollendergaten 14 i Bergen sentrum. Vi tar også imot gaver for videre salg (ting og tang). På grunn av lokalitetene kan vi ikke ta imot store gjenstander. Vi støper også om dine lysestumper til gode og rimelige lys.

**Vinn-vinn-situasjon:** Gi bort det du ikke trenger og gjør selv et godt kjøp!

*Velkommen inn!*





# SparebankenVest

- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middagsrettar  
og nysteikte bakervarer



- Post i butikk




Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



Egne priser for pensjonistar  
Langope torsdag.

RONG SENTER




Velkommen til oss:

## ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15

Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no



## Harkestad Betong AS

Utealg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

### Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
03300 TJELESTØ

*Vi har fått inn vårens nyheter*

Mand-tred 10-18  
Lørd 10-18  
Tir. 10-18 00-00  
Fax 56 38 85 09



RONG SENTER



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass

## BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

### Godkjent bilverksted



Installasjoner, industri, bolig  
Deler- og tilbehør  
Aksessuaregg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk formstøting

## TORSVIK ELEKTRISKE AS

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

[www.torsvik-elektriske.no](http://www.torsvik-elektriske.no)



## Malvin Harkestad & Sønner AS

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

## GUDSTENESTER

02. mars **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Otto Høvik. Høve til dåp.
09. mars **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/Otto Høvik. Nattverd. Dåp
16. mars **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Otto Høvik. Nattverd
20. mars **Blomvåg kyrkje kl. 19:00** Nattvergdugsteneste v/ Otto Høvik
21. mars **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Langfredagsgudsteneste v/ Otto Høvik
23. mars **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Otto Høvik. Nattverd
24. mars **Hjelme kyrkje kl. 19:00** Høgmesse v/ Otto Høvik. Nattverd
30. mars **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste v/Otto Høvik. Utdeling til 2, 4 og 5 åringer. Song av Øygarden barnekantori.
06. april **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/Otto Høvik. Utdeling til 2 og 4 åringer.
13. april **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Otto Høvik. Song av Øygarden gospel. Nattverd. Dåp
20. april **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Lekmannsgudsteneste v/ Odd Bjarne Skogestad. Song av Vik mannskor.
24. april **Hjelme kyrkje kl. 18:00** Samtalegudsteneste med konfirmantane.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte

#### Blomvåg:

Johan Hordvik Rong, Bergen  
Aron Haugetun, Storevarden  
Adrian Rong Vetås, Toftosen  
Sunniva Træet, Oen  
Kamilla Eide, Toft  
Maia Hatten Jensen, Hatten

#### Hjelme:

Oliver Jiu An Bekkenes, Dåvøy

### Døde

#### Blomvåg:

Unni Hild Antonsen Rognsvåg, Torsvik f. 1964  
Borgny Marie Toftevåg, Toft f. 1924  
Leif Misje, Misje f. 1956  
Olivia Oen, Tjødnarvegen f. 1921  
Trond Jørgen Malmedal, Rossnes f. 1958  
(Troens kapell)  
Mathilde Vik, Ternholmbakkane f. 1917

#### Hjelme:

Oddlaug Harkestad, Tjeldstø f. 1927  
Malvin Harkestad, Tjeldstø f. 1926

## TIL LUKKE

### 70 år:

10. mars Martinus Ingolf Torsvik, Torsvik  
11. mars Bjarne Skjold, Skjold  
14. mars Jens Gerhard Landro, Vik  
19. mars Paul Vik, Vik  
23. mars Magnus Martinus Herdlevær, Herdlevær  
25. mars Endre Skaar, Pålsneset  
07. april Olav Kristian Hansen  
07. april Anton Nilsen, Lille Torsvik  
25. april Magnar Ragnar Oen, Ternholmbakkane

### 75 år:

06. mars Anna Karina Tjong, Nordvik  
09. mars Jersy Nelborg Ulvøen, Flåten  
18. mars Mons Martin Torsvik, Søre Sæle  
28. mars Bergit Berit Breivik, Breivik  
06. april Karen Træen, Oen  
13. april Magnus Olav Sæle, Pålsneset  
13. april Richard Toft, Toft

### 80 år:

02. mars Borghild Hellesund, Hellesund  
04. mars Kristine Knutsen, Rong  
05. mars Gerhard Artur Torsvik, Torsvik  
06. mars Aud Magnesen, Torsvik  
02. april Anna Oliva Berland, Heggøy  
14. april Malvin Rasmus Blomvågnes, Flåten  
14. april Anton Konrad Torsvik, Tomt nr.5  
17. april Samuel Hilberg Jakobsen, Rongesund  
25. april Arvid Johan Njøten, Flåten

### 85 år:

19. mars Margit Hermine Hovden, Tjødnarvegen  
30. mars Sanna Margrethe Hjelme, Hjelme  
13. april Knut Sæle, Søre Sæle  
24. april Konstanse Burink-Oen, Oen  
24. april Odd Kåre Haugetun, Rong

### 90 år:

13. mars Astrid Monsine Heggøy, Heggøy


## Perspektiv på livet

Som telefonvakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du får perspektiv på livet.



Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les mer på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no) eller ring 55 32 58 45

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG



# Påskeunderet og påskegleda

**Det er ikkje uvanleg for oss menneske å oppleve under. Ja, eigentleg så opplever vi vel under kvar einaste dag – som når eit nytt barn kjem til verda, når mørkret vik plassen for lyset eller når jorda og havet gir mat til 6 milliarder menneske – år etter år!**

Av Otto Høvik

Er ikkje også sjølv eksistensen og eit stort under? Men er det ikkje av og til grunn til å spørje: Har vi slutta å undre oss? Er det vi ser og opplever og er vitne til blitt noko sjølvsagt? Er vi blitt menneske med ein begrensa horisont? Eller tenkjer vi kanskje at andre menneske, og dei som veit meir enn oss, må ta seg av slike vanskelege spørsmål?

Når eg spør, så er det fordi eg trur at det er farleg å leve slik. Livsfarleg. For då er vi lik menneske som får tilbod om medisinsk hjelp, men aviser hjelpa. Bibelen er ei bok som heile tida utfordrar oss til åtru ting vi ikkje forstår og til å gi rom for erfaringar som andre har sett og opplevd. Til åtru på ein allmektig Gud!

Vi skulle og ha venta at lærersveinane ville ha trudd evangeliet om at Jesus skulle bli levande att på den tredje dagen, slik han fleire gonger hadde fortalt dei.

Pensjonert sokneprest, Otto Høvik, vil denne våren vera vikar for sokneprest Svenn Martinsen i Øygarden prestegjeld. Svenn har fått innvilga permisjon i tidsrommet 4. februar til 14. april.

For å få kontakt med Otto Høvik vender ein seg som vanleg til kyrkjekontoret. Vakttelefonen er også den same. Mellom kl 1700 og 0800 på kvardagar og i helgane er det ein annan prest i prostiet som ein kan ringja til dersom det er tenester som ikkje kan venta. (Sjå side i 2 i bladet).

Vi vil med dette ønskja Otto Høvik velkommen til presteteneste i Øygarden! Samstundes ønskjer vi Svenn lukke til med studiepermisjonen


Dei hadde også sett Jesus gjere dei største under og vore vitne til at han vekte opp døde. Men synet av den krossfeste og forslatte frelsaren synest å ha teke trua ifrå dei.

Og i møte med 2 av lærersveinane på vegen til Emmaus påskedagskvelden, sa Jesus til dei: Kor lite de skjønar, og kor seine de er til åtru alt det profetane har sagt! Laut ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom? Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hjå alle profetane. Jesus viste dei til skriftene. Til dei profetiske orda. Til det som stod skrive om han der. Men ikkje berre det. Han viste seg og for dei fleire gonger, ved å gå inn gjennom stengde dører, ved å vise dei sårmerka i hendene og føtene og ved at han åt og drakk mens dei såg på.

Denne påska skal vi på nytt høre påskeevangeliet slik det først blei forklynt for kvinnene som kom til grava påskedagsmorgonen:

*Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er oppstaden. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea. Luk 24:5-6*

**Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid;  
den har oss givet lyset og livet, lyset og livet i dagning blid.  
Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid!**



Otto Høvik